

Saksnr 35/17 Utval Formannskapet

Møtedato  
04.10.2017

## **INTERKOMMUNAL KOMMUNEDELPLAN FOR FV 544 FERJESAMBANDET STORD - KVINNHERAD - OPPSTART AV PLANARBEID**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet vedtek å setja i gang arbeid med interkommunal kommunedelplan for Fv 544 ferjesambandet Stord – Kvinnherad slik det går fram av kommunestyret sitt vedtak i møte 20.04.2017, sak 15/17, og notat frå Hordaland fylkeskommune v/ Fylkesdirektøren for samferdsel datert august 2017.

Formannskapet utnemner følgjande 3 personar som medlemmer av styret/ den politiske referansegruppa:

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.10.2017

### **Vedtak**

Formannskapet vedtek å setja i gang arbeid med interkommunal kommunedelplan for Fv 544 ferjesambandet Stord – Kvinnherad slik det går fram av kommunestyret sitt vedtak i møte 20.04.2017, sak 15/17, og notat frå Hordaland fylkeskommune v/ Fylkesdirektøren for samferdsel datert august 2017.

Formannskapet utnemner følgjande 3 personar som medlemmer av styret/ den politiske referansegruppa:

Ordførar  
Varaordførar  
Geir Angeltveit (V)

### **Handsaming**

Samrøystes vedteke

**Dokumentliste**

S	13.09.2017		Interkommunal kommunedelplan for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad - oppstart av planarbeid
I	15.01.2010	Hordaland Fylkeskommune	Tilleggsutgreiingar og avklaring av vidare planprosess
I	10.06.2010	Kjell Egil Sæbø, Fjelberg Bygdalag	Sambandet mellom Kvinnherad og Stord
I	12.01.2011	Engelsen Bygg as v Wilhelm Engelsen	Fergeleie - Brattestø Gnr. 39/6700g 693 - Delegasjon Vegvesen
U	14.01.2011	Engelsen Bygg as v Wilhelm Engelsen	SV: Fergeleie - Brattestø Gnr. 39/670 og 693 - Delegasjon Vegvesen
U	14.03.2011	Statens vegvesen v/Erik Neergaard	Grunnundersøkelse - ferjeleiesaka
I	16.03.2011	Statens vegvesen, Region Vest	Varsling av grunneigarar om grunnundersøkingar
I	22.02.2012	Lars Hauge	Ferjestø - brev til ordførarane i Stord og Kvinnherad
I	25.02.2013	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad, tilleggsutgreiing (kopi av brev til Statens vegvesen)
I	11.03.2013	Statens vegvesen, Region Vest	Oversending av tilleggsrapport - ferjesambandet Stord - Kvinnherad
S	06.05.2013		Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad, tilleggsutgreiing
X	06.06.2013		Særutskrift - Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad, tilleggsutgreiing
U	25.06.2013	Bladet Sunnhordland	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord - tilleggsutgreiing av alternativ i Djupavik
U	25.06.2013	Adresseliste	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord - tilleggsutgreiing av alternativ i Djupavik
I	13.08.2013	Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal og samfunnsplanavdelinga	Offentleg ettersyn - Stord - kommunedelplanplan - lokalisering av nytt ferjeleie på Stord
I	13.08.2013	Ølen Betong	Vedr. fergesambandet Stord - Kvinnherad
I	13.08.2013	Ølen Betong	Tilleggsutgreiing fergesambandet Stord - Kvinnherad
I	26.08.2013	W. Engelsen Ettf.AS	Tilleggsutgreiing av alternativ Djupavik
I	26.08.2013	Hordaland fylkeskommune	KDP for Fv 544, tilleggsutgreiing av alternativ i Djupavik - forseinka fråsegn frå HFK
I	26.08.2013	Stord Næringsråd	Høyringsuttale tilleggsutgreiing ferjesambandet Kvinnherad - Stord
I	29.08.2013	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesambandet Stord - Kvinnherad
I	11.11.2013	Kvinnherad kommune v rådmann Trond Sætereng	Lokalisering av ferjeleie på Stord - tilleggsutgreiing for alternativ i Djupavik
S	21.11.2013		Fråsegn Ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad - behandling av sak om ferjeleie
I	08.12.2013	Torunn Eikeland	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesamband Stord - Kvinnherad.
U	10.12.2013	Torunn Eikeland	Lokalisering av ferjeleie på Stord.
I	13.12.2013	Halsnøysambandet v styreleiar Ole Torbjørn Holmedal	Kvednaneset - utsetjing av saka
I	17.12.2013	Hordaland Bondelag	Re: Kvednaneset-utsetjing av saka
X	16.12.2013		Uttale til Stord kommune frå Halsnøysambandet
I	17.12.2013	Arne Engevik, innbyggjar i Stord kommune, med rett til å meine....	Brev til Stord kommunestyre om nytt ferjeleie
I	13.12.2013	Statens vegvesen v Signe Eikenes	Kommunestyret og mange tilhøyrarar
I	18.12.2013	Aksjonsgruppa mot ferjeleie på Kvednaneset	Fergeleie kva skjer
			VS: Sambandet Kvinnherad - Stord
			Nei til ferjeleie på Kvednaneset - 1420

I	11.12.2013	Ida Titlestad Sandvik	underskrifter
X	23.12.2013		NEI til ferjeleie på Kvednaneset! Særutskrift - Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesamband Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord.
I	18.03.2014	Torunn Eikeland	Spørsmål til ordføreren i Stord
U	25.03.2014	Torunn Eikeland	Viser til spørsmål sett fram som lesarinnlegg i avisa "kva skjer i saka om Kvednaneset?"
I	03.07.2014	Svein Hatlevik	Ny fergekai i Leirvik sentrum
U	06.02.2015	Hordaland fylkeskommune v samferdselsjef Håkon Rasmussen	Sambandet Kvinnherad - Stord - moglegeheitsstudie
I	23.02.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Framlegg om utarbeiding av regional plan
S	11.03.2016		Ferjesamband Stord - Kvinnherad - Framlegg om utarbeiding av regional plan
I	26.04.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Framtidig ferjesamband Stord - Kvinnherad - framlegg om forprosjekt
X	29.04.2016		Særutskrift Ferjesamband Stord - Kvinnherad - Framlegg om utarbeiding av regional plan
U	02.05.2016	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga	Framtidig ferjesamband Stord - Kvinnherad - framlegg om forprosjekt
I	21.06.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Avrop rammeavtale for ferjesambandet Stord-Kvinnherad
U	22.06.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Avrop rammeavtale for ferjesambandet Stord-Kvinnherad
I	22.08.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Teknisk økonomisk forprosjekt Fv 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad – Nytt ferjestø ved Djupavikneset - Oppnemning til fagleg arbeidsgruppe
U	24.08.2016	Hordaland fylkeskommune v 'Matti Torgersen'	SV: Teknisk økonomisk forprosjekt Fv 544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad – Nytt ferjestø ved Djupavikneset - Oppnemning til fagleg arbeidsgruppe
I	05.09.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Teknisk økonomisk forprosjekt for Fv544 Ferjesambandet Stord-Kvinnherad- Nytt ferjestø ved Djupavikneset.
I	07.11.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Referat og presentasjonar 31. oktober forprosjekt Djupavikneset
U	16.11.2016	Peder Sjo Slettebø, ordførar Kvinnherad kommune	Re: Kommunestyremøte 24.11.16
I	12.12.2016	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Ferjesambandet Kvinnherad-Stord
I	17.01.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Oversending av rapport Teknisk forprosjekt ferjestø Djupavikneset - Stord
I	13.03.2017	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Oversending av sak i fylkesutvalet 22. februar
S	22.03.2017		Ferjesamband Stord - Kvinnherad: Forprosjekt for ferjestø Djupavikneset og avklaring av vidare planarbeid
I	11.04.2017	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Tilkopling for Kvinnherad til ny E39 (kopi av brev til Kvinnherad kommunne)
X	21.04.2017		Særutskrift Ferjesamband Stord - Kvinnherad: Forprosjekt for ferjestø Djupavikneset og avklaring av vidare planarbeid
U	08.05.2017	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga	Ferjesamband Stord-Kvinnherad - Oversending av vedtak
I	03.07.2017	Matti Torgersen	Referat frå møte 23 juni om sambandet Stord-Kvinnherad
I	21.08.2017	Fylkesdirektør for samferdsel	Oppstart av interkommunal plan etter Plan- og bygningslova § 9-1 1. ledd for innkorting av ferjesambandet Stord-Kvinnherad

## Vedlegg

- 1 Kommunestyret 20.04.2017, sak 15/17
- 2 Notat frå Hordaland fylkeskommune datert august 2017
- 3 Sak til Miljø- og samferdselsutvalet i fylket 07.09.2017
- 4 Vedtak Miljø- og samferdselsutvalet 07.09.2017

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

Kommunestyret vedtok i møte 20.04.2017, sak 15/17, om forprosjekt for ferjestø Djupavikneset, at dei vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. I vedtaket står det vidare at ein planprosess bør setjast i gong som ein interkommunal planprosess.

På bakgrunn av dette har det vore oppfølgjande møte mellom kommunane og fylkeskommunen. Fylkeskommunen har utarbeidd eit notat som skisserer prosessen med ein interkommunal kommunedelplan for dette ferjesambandet. Notatet omhandlar utfordringar og prosjektutløysande behov, planform, formål med planen, siling av alternativ, utgreiingsbehov og KU, organisering og medverknad og framdrift.

Etter den skisserte framdriftsplanen skal planarbeidet starta hausten 2017 etter at kommunane har gjort vedtak om oppstart av planarbeidet og saka har vore handsama i fylkesutvalet 26.oktober. Kommunane er bedt om å utnemna 2 representantar kvar til politisk styringsgruppe. Kvinnherad kommunestyre utnemnde 3 representantar i sitt møte 31.08.2017. Fylkeskommunen har deretter i e-post meldt tilbake at det då er naturleg at også Stord har tre representantar i den politiske referansegruppa.

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Kommunestyret sitt vedtak i møte 20.04.2017, sak 15/17:

*«Kommunestyret tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande og ser denne lokaliteten som uaktuell for nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad.*

*Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektleggje tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv. På sikt vil eitt tiltak vera at kommunane jobbar saman for fastlandssamband mellom Kvinnherad og E39*

*Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte.*

*Kommunestyret viser likevel til føringane i tidlegare vedtak i saka om ikkje å ta i bruk ny, uberørt strandone til føremålet.*

*Kommunestyret peiker på at det i første rekkje er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærare Husnes må vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvare å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.*

*Ein vidare planprosess bør setjast i gong som ein interkommunal planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må ta opp i seg dette:*

- Kortare overfartstid
- Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes
- Frekvens
- Finansiering

*Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsvegar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.»*

For interkommunal plan er kommunane planmynde. Planarbeidet skal leiast av eit styre med same antal representantar frå kvar kommune dersom ikkje kommunane vert einige om noko anna. I dette

planarbeidet skal og fylkeskommunen vera representert i styret/ den politiske referansegruppa. Ein av representantane frå fylkeskommunen skal vera leiar av styret/ referansegruppa.

Fylkeskommunen vil vera tiltakshavar og stå for utarbeiding av planprogram, konsekvensutgreiing og planforslag. Arbeidet vil verta gjort i samarbeid med ei administrativ plangruppe med medlemmer frå dei to kommunane, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Skyss.

For planprosess og innhald i planane gjeld reglande for kommune(del)plan i plan- og bygningslova. Kvar kommune vil ha ansvaret for at sakshandsamingsreglane vert fylgt innanfor sitt område. Kvar kommunestyre gjer endeleg planvedtak for sitt område.

### **Vurdering**

Rådmannen har ikkje merknader til opplegget for utarbeiding av interkommunal kommunedelplan med konsekvensutgreiing slik det er skissert i fylkeskommunen sitt notat datert august 2017.

### **Økonomiske konsekvensar**

Vil verta utgreidd som del av konsekvensutgreiinga og planarbeidet.

### **Miljømessig konsekvens**

Vil verta utgreidd som del av konsekvensutgreiinga og planarbeidet.

### **Folkehelse**

Vil verta utgreidd som del av konsekvensutgreiinga og planarbeidet.

### **Universell utforming**

Vil verta utgreidd som del av konsekvensutgreiinga og planarbeidet.

### **Beredskap**

Vil verta utgreidd som del av konsekvensutgreiinga og planarbeidet.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at det vert starta arbeid med interkommunal kommunedelplan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad slik det er skissert i fylkeskommunen sitt notat datert august 2017. Rådmannen ber formannskapet utnemna tre representantar til å delta i den politiske referansegruppa.

### **Plan for gjennomføring**

Her vert det vist til framdriftsplanen i fylkeskommunen sitt notat datert august 2017.